

Saksbehandlar: Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar i kontrollutvalet  
Sak nr.: 18/9523-1

## **Særskild godtgjersle til kontrollutvalsleiar januar 2018**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Leiar i kontrollutvalet får godtgjort for meirarbeid vinteren og våren 2018 med kr. 45 480
2. Kostnaden vert dekkja inn i budsjettet for kontrollutvalet

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

7. januar 2018 vart sekretariatet for kontrollutvalet sett ut av drift som følgje av ei trafikkulykke der Einar Ulla, som er kontrollsjef og einaste tilsette ved sekretariatet, vart alvorleg skada. Einar var på Haukeland sjukehus i perioden 8. januar til 21. januar då han vart overført til Haukeland universitetssjukehus – Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering – AFMR post 2 (Nordås rehabiliteringssenter). Einar var på Nordås i ein månad før han vart sendt heim til Sogndal 22.februar. Han var vidare 100% sjukmeldt fram til 3. juni 2018, deretter delvis sjukmeldt fram til 16. august. Einar vart 100% friskmeldt 17. august.

Som følgje av denne hendinga, fekk leiar i kontrollutvalet ei stor utfordring med å gjere kontrollutvalet budd på å få utført sitt oppdrag på vegne av fylkestinget. Dette medførte stor arbeidsbelastning i tida etter trafikkulykka.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalsleiar måtte i denne perioden, og spesielt i byrjinga, bruke mykje tid på å få oppgåvene til kontrollutvalet gjennomførde. I tillegg til dette var det mange telefonar til både familien til Einar og til kollegaer både på jobb og i samanheng med styrevervet i FKT som lurte på korleis det stod til. Kontrollutvalsleiaren tok på seg ei rolle med å kunne formidle tilstanden, som etter kvart betra seg.

Det var også store utfordringar med å få på plass ei førebels sekretariatsordning for kontrollutvalet. Det vart etter kvart underteikna ein avtale med sekretariatet for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune til å utføre sekretariatstenester fram til 30. april 2018. Avtalen vart seinare forlenga fram til sommaren 2018.

Sjølv etter at avtalen med sekretariatet i Hordaland var på plass vart det mange ekstra arbeidstimar for kontrollutvalsleiaren. I tillegg til denne avtalen måtte kontrollutvalet også få hjelp

til å få kontrollutvalssakene inn i ESA. Hordaland fk bruker ephorte, slik at det ikkje var føremålstenleg at dei skulle få opplæring i ESA. Dette resulterte i nye utfordringar, men ein fekk etter kvart på plass ei ordning der ein av dei politiske sekretæra utførte det systemtekniske arbeidet i ESA for kontrollutvalet.

I byrjinga av sjukeperioden var det sterkt behov for at kontrollutvalsleiar måtte trå til med ekstra innsats. Det var mange oppgåver som måtte ordnast, og det vart kontrollutvalsleiar som tok tak i dette. Av ekstra oppgåver kan nemnast:

- Arbeid med å få på plass midlertidig sekretariat. Det vart inngått avtale med sekretariatet for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune
- Få på plass ordning med ESA-operatør for kontrollutvalet. Fekk på plass ein frå administrasjonen som tok dette
- Få på plass rutinar slik at arbeidet i utvalet skulle gå som normalt
- Mange telefonar til familie for å få oversikt over tilstanden til Einar
- Mange telefonar til kollegaer, kontrollutval, revisorar og andre som måtte bli oppdatert på situasjonen
- Omfattande e-post-korrespondanse for å få sett seg inn i kva som måtte gjerast, og korleis, når sakene måtte bli ferdigbehandla frå kontrollutvalet etc.
- Kontrollutvalsleiar måtte gå gjennom alle saker for å skaffe seg kunnskap om status på den enkelte sak, og kva som måtte gjerast av kven framover våren – kva saker som skulle avsluttast, og kva saker som kravde ei vidare oppfølging

Kontrollutvalsleiar anslår den ekstra arbeidsinnsatsen til å ver på om lag 120 timar. Kontrollsjefen vil anslå verdien av denne ekstra innsatsen til å vere på om lag kr. 44 160. Utgangspunktet for utrekninga er grunnsummen i regulativet for folkevalde (kr. 644 400 i 2018). For å finne ein timesats er grunnsummen dividert på 1750 timar<sup>i</sup>, og timesatsen vert då kr. 368. Utrekninga gjeld for regulativet i 2018.

Saka vert behandla av kontrollutvalet – det er kontrollutvalet som sjølv har bedt om ei slik sak, og kontrollutvalet sender så saka til endeleg behandling i fylkesutvalet, slik det står i arbeidsvilkåra for folkevalde. Kontrollutvalsleiar er inhabil i behandlinga av denne saka, slik at det er nestleiar som har leia dette arbeidet.

Dette er ikkje ei sak som gjeld kontrollutvalsarbeid i den forstand at den må til fylkestinget – denne saka gjeld derimot mogelegheita for å få ekstra betalt i ein situasjon der utvalsleiar måtte trå til med ein ekstra innsats på grunn av ei uforutsett hending. Det er dermed fylkesutvalet som har kompetanse til å behandle denne saka, iflg. Pkt. 1.3 i arbeidsvilkåra for folkevalde.

I pkt. 1.3 i «Arbeidsvilkår for folkevalde» står det:

*I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan utvalsleiar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar. Avgjerda skal takast av fylkesutvalet.*

Kontrollutvalet har gitt uttrykk for at dei sette pris på at kontrollutvalsleiararen påtok seg dette ansvaret og ekstra arbeidet. Kontrollutvalet ynskjer å fremme sak om ekstra godtgjersle til leiar i utvalet Frank Willy Djuvik for ein periode på tre til fire veker i januar/februar 2018.

Kostnaden ved denne saka vert å ta innanfor kontrollutvalet sitt budsjett.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen har vurdert saka slik at den kan behandlast av kontrollutvalet, og sendast vidare til fylkesutvalet for endeleg avgjerd der.

<sup>i</sup> Jakhelln, Henning. (2015, 27. februar). årsverk. I Store norske leksikon. Hentet 22. mars 2019 fra <https://snl.no/%C3%A5rsverk> .